



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
2020/728	19.02.2024	24/6441 - 24/25090	Ingeborg Forseth - 712 80 155	27.02.2024

5

Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Harøysund havn - fråsegn til offentleg høyring

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld detaljregulering for Harøysund hamn, Vikomar AS som er lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Vi føreset at planområdet vil ha tilkomst frå det nye krysset med fylkesveg 664, som er etablert i tråd med gjeldande reguleringsplan «Vestadvika industriområde – Harøysundet».

KONKLUSJON

Ber om at merknad frå samferdsel blir tatt omsyn til og har elles ingen merknader til planforslaget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Kystverket
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal